



## Byglandsnytt nr.21 – mai 2021

### Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

**Neste utgåve: 1. juni** - Send tips om arrangement til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) innan 28.05.

Bygland kommune si heimeside: [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)

-----  
**Bygland kommune ønskjer alle  
ei god 17. mai feiring!**  
-----

**17. mai komiteen** vil henge opp plakatar og sette inn annonse i Setesdølen med programmet for dagen



### Vanlege opningstider Bygland kommunehus

**Publikumsmottak:** tlf. 37 93 47 00

måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00 – stengt for tida grunna smittesituasjonen

**NAV:** tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

**Rettleiingssenter i Bygland:** stengt for drop-inn grunna smittesituasjonen

**Legekontoret** tlf. 37 93 47 30 - **Legevakt** tlf. 116117

Bygland legekantor

Byglandsfjord legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

## Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 19.00	10.00 – 14.15
torsdag	14.00 – 17.00	

### Politiske møte, sakspapir og protokollar:

[www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)

- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 03.05. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 03.05. – Møtet er avlyst
- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 04.05. kl. 13.00
- **Kommunestyret:** 06.05. kl. 17.00
- **Formannskapet:** 19.05. kl. 17.00

### Nytt om namn i kommunen:

- Nils B. Kile er tilsett som fisk- og vassdragsrådgjevar i kommunen.
- Liv Åsne Austad Andersen kjem tilbake frå permisjon til si stilling som økonomikonsulent i byrjinga av juni. I samband med dette vert Runar Flåt Granheim sitt vikariat som økonomikonsulent avslutta den 31.5. Kommunen ønskjer Runar takk for innsatsen, og lykke til i ny jobb i Evje Landbruksregnskap.
- Heidi Helle er tilsett som reinhaldar i 25 % stilling i Årdalshallen.
- F o m 01.04.2021 er Sibell Musabali og Sella Nyo tilsett i 50 % fast stilling som reinhaldar på Byglandsheimen.

### Ledige stillingar

#### Sommarjobb for skuleungdom

Det er i 2021 sett av lønnsmiddel til sommarjobbar for skuleungdom på teknisk drift. Det vil også bli tilbydd moglegheiter for å arbeide med krypsiv og avfallsrydding langs Åraksfjorden



Utgangspunktet er å tilby sommarjobb for ungdom busett i Bygland kommune i alderen 16 - 20 år i tidsrommet f.o.m. 22.06 t.o.m. 13.08. Målsetjinga er å kunne tilby minst 2 veker samanhengande arbeid pr.

ungdom. Tilbodet om talet på arbeidsveker vil vere avhengig av talet på søkjarar.

### Arbeidet kan vere:

- Byggvedlikehald, i hovudsak måling
- Stell og vedlikehald av grøntanlegg m.a. plenklypping og vegetasjonsrydding
- Reinhald, som t.d. vindusvask, nedvask m.v.
- Krypsiv og avfallsrydding langs Åraksfjorden
- Diverse arbeidsoppgåver i samråd med arbeidsleiinga

Ungdom med spesielle kvalifikasjonar kan få utvida arbeidsperiode og ev. noko arbeidsleiaransvar.

### Krav til søkjar:

- Du må vere fylt 16 år før arbeidsperioden startar
- Du må ha arbeidsløyve i Noreg
- Du må ha bustadadresse i Bygland kommune
- Du må kunne arbeide innafør det tidsrommet arbeidsgjevar avgjer og med dei arbeidsoppgåver arbeidsgjevar definerer og har behov for
- Du må kunne gjennomføre eventuelle kurs/opplæring som er nødvendig for å ha lov til å gjennomføre ulike arbeidsoppgåver. Eventuelle kurskostnadar blir dekkja av Bygland kommune
- Det vil for fleire av oppgåvene vere ein fordel å ha bilsertifikat med tilhengar, moped - og/eller traktorlappen, båtførarprøve m.v. samt eventuelle kurs i t.d. stell, vedlikehald og bruk av motorsak/anna motorreiskap, stillasbruk mv.
- Søknaden må sendast på eige skjema som du finn nedast her:  
<https://www.bygland.kommune.no/sommarjobb-for-skuleungdom.6380659-522036.html>

**Lønn:** Avlønning i henhald til Kommunanes sentralforbund (KS) sine tilrådingar for lønn til unge arbeidstakarar.

**Anna:** Bygland kommune må ta atterhald om at tiltaket kan bli gjennomført grunna Covid-19 situasjonen.

**Kontaktpersonar:** Driftsleiar Fredrik Langfeldt, tlf 945 32 945 eller tenesteleiar Kjell Øyvind Berg, tlf. 918 63 403

**Søknadsfrist:** **10.05.21**

## Psykolog/psykologspesialist i 100% fast interkommunal stilling

Kommunane Åseral, Bygland og Evje og Hornnes lyser ut ei ny interkommunal stilling som psykolog med spennande utfordringar i pasientanes nærmiljøet.



Psykologen skal dekke tenester til både barn, unge og vaksne, og skal vere eit lågterskeltilbod. Psykologen skal ha samarbeid med helse og oppveksttenester i høve til behandling og rettleiing.

Det er Evje og Hornnes, Bygland og Åseral som samarbeider om stillinga, men Åseral er arbeidsgjevar. Det vil bli kontortid i alle kommunane.

Kontakt: Laila Ljosland, Einingsleiar Helse, pleie, omsorg og rehab., Åseral kommune, tlf. 41322847. **Søknadsfrist: 12.05.2021**

For meir informasjon sjå kommunane sine heimesider.

### Helse:


- **Informasjon om vaksining** av innbyggjarane blir oppdatert på Bygland kommune si heimesida kvar veke.
- Evje og Hornnes og Bygland kommune utarbeidar kvar fredag felles **risikoanalyse for Covid 19 smitte** i kommunane. Resultatet blir lagt ut på heimesida.
- **Smitteutbrotet på KVS** blei godt handtert, alle som blei spurt om å hjelpe stilte opp på kort varsel og skulen kan nå opne igjen. Det er kjøpt inn Fiks smittesporingsverktøy som vil gi betre og enklare oversikt dersom kommunen får eit nytt smitteutbrot.
- Helsedirektoratet har bevilga midlar til 60% ekstra stilling over tre år til sjukepleiar i **skulehelsetenesta**. Auke i stillinga blir satt i verk i august.
- Torsdag 29. April var det **dugnad rundt bustadene i Strandgata** og kommunen spanderte pizza på alle som deltok.



## KORONA

### No går vi frå 2-meteren til 1-meteren

I samband med smitteutbrotet etter påske, tilrådde kommuneoverlegen at vi heldt fram med 2 meters avstand til andre, sjølv om dei nasjonale retningslinene sa 1 meter. No har situasjonen endra seg, slik at vi frå og med i går følgjer dei nasjonale retningslinene med 1 meters avstand til andre.



Kommunane Evje og Hornnes og Bygland tar jamnleg ei risikovurdering av smittesituasjonen i kommunane. I samband med smitteutbrotet etter påske, blei det vurdert at vi låg i risikonivå 3. Å liggje i risikosone 3 vil seie at det er fare for vidare smitte, at delar av dei kjende smittetilfella har ukjent smitteveg, og at smittesporing og testing er under press.

Fredag 23.04. blei kommunane plassert i risikonivå 1, noko som betyr at det er ingen eller få påviste tilfelle, men med moglegheit for oppblussing.

I samband med at vi blei plassert i risikonivå 3, tilrådde kommuneoverlegen at vi burde halde 2 meters avstand til andre menneske. Etter at smittesituasjonen har roa seg, og vi er tilbake til risikonivå 1, har kommuneoverlegen vurdert at vi kan gå tilbake til å halde 1 meters avstand til andre.

Vi minner om at det framleis er svært viktig å følgje dei nasjonale retningslinene!


**Oversyn over nasjonale tiltak** finn du her:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen/id2692388/>

### Risikovurdering Covid-19 - Oppdatert

**30.04.2021**

Kommunane Bygland og Evje og Hornnes har saman laga ei risikovurdering for Covid-19.



Denne inneheld kommunane si vurdering av status for Covid-19 i Bygland og Evje og Hornnes

### Konklusjon av risikovurderinga 30.4.21

Det blei den 30.04.21 tatt ei ny risikovurdering i høve Covid-19 i kommunane Bygland og Evje og Hornnes. Vurderinga no er at vi er på risikonivå 1

Ei samla vurdering gir ei heilheitsvurdering av at Bygland og Evje og Hornnes kommunar er på risikonivå 1

Grunngeving: Ingen smitta i kommunane i dag. Vi set risikonivå 1 til tross for høgt smittetrykk i omkringliggjande kommunar. Ein er uroa i høve start på russefeiring. Mobiliteten til russen kan auke risikoen noko. Det har vore førebyggjande undervisning for russen på Hornnes. Det er tilsvarande bekymringsfullt i høve KVS Bygland og kontakt med andre avgongselevar i andre kommunar.

## Status på vaksinasjon (Covid -19) i Bygland kommune - Oppdatert 30.04.21



Bygland kommune har motteke ei viss mengde med vaksiner frå AstraZeneca. Desse vaksinane kjem inntil vidare ikkje til å bli brukt.

### Oppdatering pr. 30.04.21

Vi har no vaksinert 185 med 1. dose, og det er 108 som er fullvaksinerte. I veke 18 vaksinerer vi dei som er fødde i 1952, og samstundes dei med underliggjande sjukdomar.

I veke 19 held vi fram med dei som er fødde i 1952.

### Risikogruppe 4:

Personar med følgjande sjukdommar/tilstander er definert som medisinske risikogrupper:

- Organtransplantasjon
- Immunsvikt
- Hematologisk kreftsjukdom siste fem år
- Annan aktiv kreftsjukdom, pågåande eller nyleg avslutta behandling mot kreft (spesielt immundempande behandling, strålebehandling mot lungene eller cellegift)
- Nevrologiske sjukdommar eller muskelsjukdommar som medfører nedsett hostekraft eller lungefunksjon (til dømes ALS, cerebral parese og Downs syndrom)
- Kronisk nyresjukdom eller betydeleg nedsett nyrefunksjon.

Prioritering av pasientar i risikogrubbene blir gjort av fastlegane.

For personar som har fastlege i andre kommunar har vi fått lister der det er blitt gjort prioriteringar frå fastlege.

Vi følgjer prioriteringa frå FHI og får beskjed 7 - 10 dagar før om kor mange dosar vi får.

Veke	Dato	Talet på dosar	Til revaksinerer	Nye
1	5.1	6		
2	12.1	6		
3	19.1	6		
4	26.1	18	6	12
5	2.2.	30	6	24
6	9.2	24	6	18
7	16.2	24	12	12
8	23.2.	24	24	0
9	2.3.	18	18	0
10	9.3	18	12	6
11	16.3	18	0	18
12	23.3	18	0	18
13	30.3	18	0	18
14	6.4.	30	0	30
15	13.4.	42	0	42
16	20.4.	30	0	30
17	27.4	54	19	35
18	4.5.	36	18	18
19	11.5.	24	18	6

Det er ingen i Bygland kommune som har fått vaksine frå AstraZeneca, alle som er vaksinert til no har fått Pfizer si vaksine.

Det som er viktig å vite, er at vi ikkje kan frakte oppblanda dosar frå Byglandsfjord til Bygland eller motsatt. Om eit vaksineglas blir oppblanda på Byglandsfjord, må alle dosane i glaset bli sette på Byglandsfjord.

## Vaksinasjonsstad

Dette vil variere ettersom kor mange som skal vaksinerast, og kor mykje plass vi treng.

Vi vil så langt som råd tilpasse oppmøtestaden som ligg nærast der du bur. Hovudregelen er:

- Dersom vi får 1 - 50 dosar: Leilegheit i underetasjen på Byglandsheimen eller ei leilegheit på Byglandsfjord. (Tidlegare var det kommunestyresalen og legekantoret på Byglandsfjord)
- Dersom vi får over 50 dosar: Byglandshallen eller Årdalshallen

## Bygland frivilligsentral informerer:

### Transport til og frå vaksinasjon

Bygland kommune er no i gong med vaksineringsplan. Framover vil fleire få tilbod om vaksine. Det vil verte tilrettelagt for vaksineringsplan i nord, midt og sørlege del av kommunen.



**Meld deg** om dette kan vere noko for deg:

<https://frivillig.no/bygland-frivilligsentral/transport-til-og-fra-vaksinasjon>

## Klarer vi å få kontakt med deg?

Når vi skal sende SMS eller ringe til deg som står for tur til vaksineringsplan, eller om vi treng å ringe til deg i samband med smitte- sporing, er det viktig at vi har telefonnummeret, eller også kan finne det på nett.



## Har du hemmeleg nummer?

Om vi manglar telefonnummer, søker vi etter det på 1881.no eller telefonkatalogen.no. Det er ikkje alle vi klarer å finne nummeret til. Har du hemmeleg telefonnummer, eller av andre årsaker ikkje ønskjer å ha



nummeret ditt på 1881.no eller telefonkatalogen.no, er det svært viktig at du sjølv tar kontakt med kommunen og gir oss telefonnummeret ditt.

Vi ber alle som veit at telefonnummeret ikkje er tilgjengeleg om å sende namn og telefonnummer til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) eller du kan ringe til 379 34 700.

## **Folkehelseinstituttet (FHI): Koronavaksine på 1-2-3 - på ulike språk**

Kort generell informasjon frå FHI om vaksine mot koronasjukdommen covid-19 på fleire ulike språk (t.d. polsk, arabisk, engelsk):

<https://www.fhi.no/publ/informasjonsark/koronavaksine-pa-1-2-3/>



## **Økonomi**

### **Rekneskap 2020**

Rekneskapen for 2020 vart ferdig revidert innan fristen 15. april, og viser eit overskot i ordinær drift på kr 720.858, som er kr 2.664.858 betre enn budsjettert.



Årsakene til dette er, i grove trekk, at skatt- og rammeinntektene vart om lag kr 800.000 betre enn budsjettert, straumutgiftene vart kr 500.000 lågare enn budsjettert, utgifter til kurs og reising vart kr 850.000 lågare enn budsjettert. Sals- og leigeinntekter, samt brukarbetalingar, vart og ein del høgare enn budsjettert. Kommunen sine einingar har og hatt veldig god budsjettdisiplin i 2020, og spesielt oppvekstsektoren og helse har betydeleg lågare kostnader enn budsjettert.

Sjølv om rekneskapen for 2020 vart noko betre enn budsjettert, gjer ein merksam på at inntektene i 2021 framleis vert mykje lågare enn i 2020, så den overordna gjennomgangen av organisasjonen held fram i 2021.

## **Næring**

### **Kompensasjonsordning for lokale bedrifter i samband med covid-19**

Bygland kommune har fått 500.000 kr i ekstraordinære statlege midlar for å hjelpe



lokale verksemdar som er særleg hardt råka økonomisk av covid-19-pandemien.

**Søknadsfristen er sett til 10. mai.**

For meir informasjon, sjå kommunen si heimeside eller kontakt stabsleiar økonomi og næring, Knut Olav Forgard ([knut.forgard@bygland.kommune.no](mailto:knut.forgard@bygland.kommune.no))

## Næringstilskot

- Det er løyvd kr 100.000 i omstillingstilskot til Ose Water i samband med at selskapet har bygd om fabrikkens slik at dei og kan produsere flaskar for desinfeksjonsmiddelet til Soft-Ox AS. Soft-Ox er eit børsnotert selskap som har fått mykje positiv medieomtale for sitt alkoholfrie og hudvennlige desinfeksjonsmiddel. Ose Water vil og parallelt fortsetje å produsere flaskevatt.
- Det er løyvd kr 100.000 i tilskot til Kallhovd Sveis i samband med at dei må gjere endringar i produksjonslokalet sitt for å tilfredsstille dei strengare krava som følgjer ved spesialproduksjon.

## Plan og Utvikling

### **Presteneset Bygland – Oppdatert pr. 23.04.**

Bygland kommune arbeider med eit innovasjonsprogram for å løyse konkrete utfordringar i kommunen knytt til stad- og næringsutvikling

### **Smart lokalsamfunn - gjennom samarbeid**

I samarbeid med Agder fylkeskommune og innovasjonsklynga Nordic Edge, er ambisjonen å identifisere konkrete innovasjons- og næringsutviklingsprosjekt som byggjer på den spisskompetansen og dei fortrinna vi allereie har i Bygland, og dei moglegheitene vi har til å bruke ledig areal til å skape nye tilbod. Presteneset er eitt slikt område som vi ønskjer å utvikle i samarbeid med næringslivet og innbyggjarane.

- Vi har gjennomført ein digital ideverkstad (10.3.21) der vi saman såg på lokale utfordringar.



- Vi har gjennomført ei spørjeundersøking der vi ba om tilbakemelding frå innbyggjarar og næringsdrivande på kva som er viktig å inkludere i arbeidet.
- Vi har gjennomført ein ny digital ideverkstad (07.04.21) der vi inviterte inn endå fleire deltakarar. Der diskuterte i moglegheiter og idear som vil gjere Bygland til ein endå betre stad å bu, arbeide og besøkje.

Oppsummeringa kan du finne på heimesida:

<https://www.bygland.kommune.no/presteneset-bygland.6377054-522036.html#>

Med utgangspunkt i ideverkstadane vil vi sjå på aktuelle innovasjonsprosjekt med fokus på kva, korleis, når og saman med kven.

### **Dialogmøte – lag og organisasjonar**

Onsdag 5. mai kl. 17.00 – 18.30 inviterer Bygland Frivilligsentral v/Anne Fauske og Bygland kommune, plan og utvikling v/ Sonja Lien Skjevraak til digitalt dialogmøte med alle lag og organisasjonar.



Møtet vil bli delt i to, ein del frå Frivilligsentralen og ein del frå planavdelinga.

Første del har til hensikt å presentere Foreningsportalen og arrangementskalenderen som følgjer. I tillegg vil vi gjerne kome i dialog i høve til lag og organisasjonar sine behov. Kva rører seg? Kva treng dykk? Kva ønskjer dykk? Kva saknar dykk? Kva ønskjer dykk samarbeid om?

Andre del vil handle om dykkar tankar og innspel til arealplanen til Bygland kommune. Arealplanen er ein overordna plan for kva areala i kommunen skal brukast til. Har laget ditt eller organisasjonen din behov for areal til ny aktivitet?

[Påmelding via kommunen si heimeside](#) eller via sentralbordet tlf. 37934700.

### **Nå blir framtidens Bygland planlagt – blir du med på idédugnaden?**

Vi ønskjer innspel og idéar frå innbyggjarane til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel,



og inviterer til idédugnad / ope møte følgjande stader:

- Årdalshallen 26. mai kl. 18.00-20.00
- Grendi grendehus 27. mai kl. 18.00-20.00
- Bygland kulturscene 31. mai kl. 18.00-20.00
- Åraksbø grendehus 2. juni kl. 18.00-20.00
- Ose grendehus 3. juni kl. 18.00-20.00

*Grunna usikker smittesituasjon, så kan det vere vi må endre både på tidspunkt og møtestad. Følg difor med på informasjon frå kommunen.*

Kommuneplanen sin arealdel seier noko om kor utviklinga i kommunen skal skje. Arealdelen inneheld kart, føresegn og retningslinjer som skal leggest til grunn for meir detaljert planlegging. Arealdelen bestemmer korleis vi vil bruke og utvikle de ulike områda i kommunen: Kvar vil vi bygge nye bustadar? Kva område bør bli utvikla først? Kvar skal det vere kultur- og tenestetilbod, handels- og næringsverksemd? Kvar skal det vere grøntområde? Korleis skal vi best mogleg ta vare på natur og landbruksområda i kommunen? Og korleis skal vi kome oss rundt mest mogleg effektivt og miljøvenleg? Sentrale tema på møta blir bustad, næring, samferdsel og friområde.

## **Drift og Forvaltning**

### **Tilskott til miljøtiltak i skog 2021**

Landbruksdirektoratet har sett av 8 millionar kroner til miljøtiltak i skogbruket. Der 6 millionar skal gå til skogeigerar som tek vare på nøkkelbiotopar i større omfang. I dette inngår fleirårige kontraktar om nøkkelbiotopar og fornying av gamle avtalar. Tilskott kan òg gis til å ta vare på områder rundt rovfugleir og spillområde for tiurleik.

Dei øvrige 2 millionane skal fordelast til formål som friluftslivstiltak, synleggjering av kulturminner, ivaretaking og skjøtselstiltak i nøkkelbiotopar og fjerning av frøformerte planter av utanlandske treslag utanfor produksjonsbestand av slike treslag.

Meir informasjon om korleis de skal søke finn de vedlagt. De kan òg ta kontakt med skogbrukssjefen på tlf. 37 93 53 51 eller e-post

[inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no](mailto:inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no)



## Bandtvang frå 1. april

Bygland kommune minner om den generelle bandtvangen som er i tida 01.04.2021 til og med 20. august.



Lov om hundehald av 4. juli 2003 nr. 74 (hundeloven) stiller i §3 eit generelt krav til aktsemd for hundeeigarar. Ein skal vise aktsemd for å unngå at hundar gjer skade på folk, dyr, eigedom eller ting.

(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-74?q=hundeloven>)

I §6 (hundeloven) er det bestemt at det skal vere bandtvang for hundar i tida frå 1. april til og med 20. august.

## Økonomiske verkemidlar i landbruket

Kommunane får kvart år statlege midlar til å stø opp om skogbruk og jordbruk. Prosjekt og tiltak blir prioritert ut frå lokale målsettingar og strategiar.



PMR har vedteke korleis Bygland kommune skal prioriter desse midlane. Desse prioriteringane kan du lese i denne artikkelen

### Skogbruk

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket innan skogkultur, vegbygging, miljøtiltak, taubane, hest o.a. blir handsama ut frå vedlagte retningslinjer:

- Retningslinjer for prioritering av søknader om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket i Setesdal
- Retningslinjer for behandling av søknader om tilskot til bygging av skogsbilvegar i Setesdal
- Retningslinjer for behandling av søknader om tilskot til drift med taubane, hest o.a. i Setesdal

### Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

- Kulturlandskapstiltak blir gitt 50 % tilskott for følgjande:
  - Ivaretaking av biologisk mangfald og gammal kulturmark, og som legg til rette for auka biologisk mangfald
  - Tilrettelegging for større tilgjengelegheit og oppleving i kulturlandskapet, og som held verdifulle område opne
  - Rydding av kulturlandskap og evt gjerdekomstadar

- Alle andre tiltak som SMIL – føresegna famnar om: 10 % tilskott av kostnadsoverslaget på søknadstidspunktet
  - Søknadsfrist er 01.04. Søknader som kjem inn etter fristen vert handsama så lenge det er tilgang på midlar
  - Søknadane vert handsama administrativt. Rundskriv 2017/13 skal leggjast til grunn for handsaming av søknadane
  - Er potten tom blir søknaden avslått, men høver den til formåla så blir dei oppmoda om å søkje neste år
  - Moglegheita til å søkje på ordninga vert annonsert
  - Eit tiltak per føretak, tiltaket må være slutført før ein kan søkje om eit nytt tiltak
- 

### **Tiltak i beiteområde**

Prioritering av søkjarar:

- Søknadar frå beitelag før søknadar frå enkeltføretak
- Fellestiltak før enkelttiltak

Prioritering av tiltak:

- Fyrste prioritering: Sanke- og skiljehagar, sperregjerder, ferister og bruer, elektronisk overvakingssystem
- Andre prioritering: Driftevegar og gjetarhytter
- Tredje prioritering: Saltsteinsautomatar

### **Ymse frå drift og forvaltning**

- Uteseksjonen er i gang med feiing av gater og vegar. Uteareala til offentlege bygg er prioritert. Etterpå vil kommunale vegar og gater bli feia så raskt det let seg gjere.
- Arbeidet med å rehabilitere høgdebassenget på Byglandsfjord har høg prioritet og tek til for fullt i veke 20. Det blir arbeidd med å etablere alternativ vassforsyning i den perioden arbeidet skal pågå.
- Erfaringane med det den nye brannstasjonen, reinseanlegget m v på Nesmoen er svært gode. Når koronarestriksjonane blir lempa på, kan det bli ein verdig opningsseremoni av bygget.

## Kultur

### **Bygland, Evje og Hornnes kulturskule - Undervisning i tradisjonsinstrument**

Til kulturinteresserte barn og unge i Bygland kommune 🎵 : I samband med UNESCO-arbeidet i Øvre Setesdal vil det frå hausten 2021 være mogleg å melde seg på undervisning i tradisjonsinstrument via kulturskulene i Bygland, Valle og Bykle.

Elevar kan i første omgang melde seg på fele, munnharpe og kveding.

Er dette noko for deg? Ta kontakt med kulturskulen i Bygland, Evje og Hornnes og Åseral på Facebook eller på Evje og Hornnes kommune si heimeside.

Annbjørg Lien frå UNESCO Setesdal ønskjer å kome i kontakt med lokale byglendingar som kan vera aktuelle som lærarar i fele, munnharpe og kveding. Det vil kome ei utlysing om dette.

### **Kulturskulen – film på fleire språk**

Kulturskulens visjon er «Kulturskule for alle». For å nå ut til fleire har Utdanningsdirektoratet laga ei kort informasjonsfilm på seks ulike språk: norsk, engelsk, polsk, arabisk, farsi, somali og russisk.

Arabisk



Filmene finn du på video plattformen Vimeo: <https://vimeo.com/527283868>

## Oppvekst

- **Folkemusikkprosjektet Gorrlaus** har vore på nytt besøk i barnehage og småskulen. Denne gongen var det Guro Kvaale Skibsrud frå Bygland som formidla kvedarkunsten. Ungane på småskulen har fått si eiga stevbook.

- **Uteområda på oppvekstsentra** har hatt ei opprusting dei siste åra. I Bygland barnehage ventar dei spent på gapahuken frå Rysstad laftebygg, og på Byglandsfjord er ein i ferd med å slutføre uteområdet. Dette har vore ein del av eit tett samarbeid mellom oppvekstsektoren og drift og forvaltning.

## Skulefri i mai

- 13. – 17. mai (nasjonaldagen)
- 24. mai (pinse)



## Kyrkjene i Bygland

### Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

### Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472  
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711  
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



## Gudstener

- søndag 02.05. kl. 16.00 Sandnes kyrkje, Åraksbø
- søndag 09.05. kl. 11.00 Bygland kyrkje
- søndag 23.05. kl. 18.00 Årdal kyrkje, Grendi



Meir informasjon finn du på [bygland.kyrkje.no](http://bygland.kyrkje.no)



## Bygland Frivilligsentral

**KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,**

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:  
post@bygland.frivilligsentral.no

Bygland frivilligsentral (BF) må framleis utsette oppstart av dei fleste aktivitetane sine.





Informasjon om oppstartsdato og smittevernomsyn i følge smittevernplan vil kome etterkvart på [www.bygland.frivilligsentral.no/](http://www.bygland.frivilligsentral.no/) og på Facebook

Opne aktiviteter er:

- **Utstyrssentralen**, tlf. 94 50 28 58
- **Ombringning av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste**
- **Transport til og fra vaksinasjon**

## Kunstnarverkstad Bygland

Fredag 30.04. vart kunstnarverkstaden på frivilligsentralen avslutta for skuleåret. Takk til alle barna som har vore med på kunstreise i saman med Hanneke van der Goes og dei gode hjelparar hennar.



## BUA Bygland

Utstyrssentralen i Bygland skal inn i BUA. BUA står for Barn-Ungdom- og Aktivitet. Det er ein nasjonal ideell organisasjon som jobbar for at barn og unge skal få moglegheit til å prøve fleire og meir varierte aktivitetar.



Dei tilbyr eit heilhetleg konsept for utlån, som ivaretek personvern, sikkerheit, og gjer eit kvalitetsmessig profftt tilbud. Me vert å finne på ei eiga nettside, nemleg [www.bua.io](http://www.bua.io)

Vi arbeider hardt for å gjere Utstyrssentralen om til BUA. Me satser på opning i løpet av mai. For å gjere jobben fortast mogleg held me dugnad laurdag **8. mai kl. 10.00**. DU er velkomen om du vil. Me skal måle, merke utstyr, rydde og sortere i utstyret, lage plakatar mm. Det betyr at det er jobb for alle.

## Kino på Bygland kulturscene


**Bygland filmklubb** (på Facebook: *Bygland filmklubb*)

**laurdag 08.05.**

**kl. 17:00:**

**Det største spillet (1967)**


Intro v/ Runar Granheim



**sundag 09.05.**

**kl. 17:00:**

**Mytteriet på Bounty (1962)**



## Bygdekinoen (bygdekinoen.no) – onsdag 19.05., Bygland kulturscene

Film 1: kl. 17.30

– Flumlene

**OMTALE:**

Flumlene er søte og lodne små dyr som er forma som smultringar og bur på Galapagos. Ved ein fantastisk



tilfeldighet reiser flummelsøsknene Op og Ed 1835 til dagens Shanghai. Her ser dei for første gang trafikk, får smaken på hurtigmat, møter høgteknologi og verst av alt - dei oppdagar at heile flummelarten er utrydda! No er det opp til det umake paret å redde seg sjølv og alle sine artsfrrender.

**BILLETTPRIS:** 100 kr.

**FILMFAKTA:** Regissert av David Silverman (The Simpsons Movie, Monsters Inc.). Manus av Simpsons-veteranane Joel Cohen, John Frink og Rob LaZebnik.


Produksjonsår: 2021. Skodespelarar: Adam Devine, Rachel Bloom, Ken Jeong. Lengde: 1t. 24min. Aldersgrense med grunningiv: Tillate for alle.

Film 2: kl. 19.30

- Voyagers

**OMTALE:**

Sat til nær framtid, blir 30 spedbarn sendt ut på eit livslangt oppdrag i verdensrommet.



Oppgåva deira er eine og åleine å veksa opp, produsera seg med kvarandre, og skapa ei fersk befolkning til ein ny planet. Oppdraget tar ei uventa vending når passasjerane hamnar i tenåra, og både hormon og instinkt blir sette ut av kurs. Voyagers er ein thriller i romdrakt, frå regissøren som gav oss Divergent og Limitless.

**BILLETTPRIS:** 120 kr.

**FILMFAKTA:**

Regi: Neil Burger. Språk: Engelsk. Produksjonsår: 2020. Skodespelarar: Colin Farrell, Tye Sheridan, Isaac Hempstead Wright, Lily-Rose Depp, Fionn Whitehead Sjanger: Sci-Fi /Thriller / Nasjonalitet: USA. Lengde: 1t. 48min. Aldersgrense: 12 år.

## Tømekalender for Bygland kommune – mai 2021

**Matavfall og restavfall:** veke 18: torsdag 06.05.

**Papir og plast:** veke 20: tysdag 18.05.

**Matavfall og glass/metall:** veke 20: torsdag 20.05.

**Nesmoen** Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (12.05.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (22.05.)

**Syrteveit:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (08.05.)

### Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

## **Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 21:**

**Bilete:** Framside: Årdalen av Frank Egil Reise. Innhald: Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, Kjersti Plathe, Sonja Lien Skjevraak, Tor Ånon Kleivane, Inge Olav Fjalestad, Setesdalsfolk, Anne Fauske, bua.io, Bygdekinoen, Bygland filmklubb. Red.notat: Liv Elin Frøysnes Berg. Kva skjer: 17. mai komité. Tusen takk til alle fotografane!



**Redaksjon:** Susanne Hegenscheidt - **Korrektur:** Mari Rygg  
Neste utgåve Byglandsnytt: 01. juni 2021

**GOD 17. mai!**

## Ymse



Det er veldig tørt no! Ikkje tenn på noko! Treng du oss bruk telefonnummer **110**.

Alle brannstasjonar Setesdal brannvesen IKS er i beredskap som normalt!

Bilde: Mikael S. Kristiansen

## **Setesdal brannvesen informerer: Stor skogbrannfare i Setesdal**




## **Moglegheitsstudie for Otra elvepark**

Midt-Agder Friluftsråd har utarbeida ein moglegheitsstudie for utvikling av fritidsmoglegheiter langs Otra frå Kildeområda til Bykle til utløpet i Kristiansandsfjorden.

Målsettinga har vore å kartlegge både eksisterande friluftsmoglegheiter og tiltak,

og nye moglegheiter for tilrettelegging for friluft. Moglegheitene er mange og famnar breidt. Prosjektet er eit samarbeid med kommunane langs Otra og tek utgangspunkt i eit breidt spekter av friluftaktivitetar og moglegheiter. Prosjektet er presentert på heimesida til Midt-Agder Friluftsråd: [www.midt-agderfriluft.no/](http://www.midt-agderfriluft.no/)





## KVA SKJER I BYGLAND?

**Mai 2021**

	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT (med atterhald om endringar)
sundag 02.05	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 16.00	Gudsteneste
onsdag 05.05.	Bygland Frivilligsentral og Bygland kommune	kl. 17.00	Digitalt dialogmøte med lag og organisasjonar
laurdag 08.05.	Bygland frivilligsentral	kl. 10.00	Dugnad BUA Bygland
	Bygland filmklubb på Bygland kulturscene	kl. 17.00	Film: Det største spillet (1967)
sundag 09.05.	Bygland kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste
	Bygland filmklubb på Bygland kulturscene	kl. 17.00	Film: Mytteriet på Bounty (1962)
måndag 17.05.	17. mai-komitee		<b>17. mai</b> (se plakat og Setesdølen for program)
Onsdag 19.05.	Bygdekinoen på Bygland kulturscene	kl. 17.30	Fumlene
		kl. 19.30	Voyagers (12 år)
sundag 23.05.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 11.00	Gudsteneste
onsdag 26.05.	Bygland kommune, Årdalshallen	kl. 18.00	Idédugnad framtidias Bygland - Årdalshallen
torsdag 27.05.	Bygland kommune, Grendi grendehus	kl. 18.00	Idédugnad framtidias Bygland - Grendi grendehus
måndag 31.05.	Bygland kommune, Bygland kulturscene	kl. 18.00	Idédugnad framtidias Bygland - Bygland kulturscene